

Helstøpt om Ibsen

de Figueiredo I.

Henrik Ibsen. Masken

677 s, ill. Oslo: Aschehoug, 2007. Pris NOK 399
ISBN 978-82-03-23384-5



Med denne utgivelsen er tobindsbiografien om Henrik Ibsen fullført. Historikeren Ivo de Figueiredo har arbeidet i fire år med den. Han har høstet positive anmeldelser. Det er det grunn til.

På vaskesed-delen står et utdrag

av Dag Solstads anmeldelse av første bind, som kom til 100-årsmerkingen for Ibsens død i 2006. Han hevder at Figueiredo har lyktes med å revidere vårt Ibsen-bilde. «Han slår det ikke i stykker, han retter på det.» Noe annet er vel ikke å vente. Ibsens liv og verk er så grundig studert og analysert at det skal godt gjøres å komme med noe grunnleggende nytt. Et eksempel finnes i notene, der forfatteren gjør rede for at Emilie Bardach, en av Ibsens «prinsesser», etter alt å dømme var 27 år og ikke 18 år, som man tradisjonelt har trodd, da Ibsen møtte henne i 1889 (s. 615). Notene utgjør for øvrig ikke mindre enn 110 sider. I tillegg følger en kronologisk oversikt over liv og verk 1868–1906, litteraturliste, bilde liste og personregister.

Det er mange ganger befriende å lese Figueiredos edruelige omgang med kildene. Et spørsmål innen ibsenologien har vært hva som var dikterens siste ord. Figueiredo gjengir den tradisjonelle historien om «Tvertimot!». Andre har ment at hans siste ord var «Nei!», mens svigerdatteren Bergliot husker at han vendte seg mot Suzannah og sa: «Min søte, søte frue, hvor du har vært gild og god mot mig.» Figueiredo punkterer all videre diskusjon om temaet på følgende måte: «Et ord for hvert øre.»

Med denne boken skulle behovet for Ibsen-biografier være mettet for lang tid. Men det kommer nok nye, om ikke annet så til 200-årsjubileet for Ibsens fødsel – om 21 år.

Erlend Hem

Avdeling for atferdsfag
Universitetet i Oslo

Kva er katolsk tru?

Pollestad KA.

Peters svar

Kristendom for dannede hedninger og lunkne kristne. 239 s. Oslo: Cappelen, 2007.
Pris NOK 339
ISBN 978-82-02-27457-3



Sjølv om det blir påstått, mellom anna av Kjell Arild Pollestad, at vi lever i eit avkristna samfunn, har dei fleste her til lands ei meir eller mindre eintydig forståing av kva kristendom er. Tema knytta til den kristne trua er ynda debattemne, og det er gjerne sterke kjensler for eller imot når kyrkjelege spørsmål står på dagsordenen. Det som er mindre vanleg er at nokon tek seg bryt med å forstå og forklare kva kristendommen er sett innanfrå – kva kyrkjetalsmennene lærer i dag, korleis trua kan framstillast og begrunnast for moderne menneske. Det er dette pater Pollestad tek på seg. Han vil gi «en saklig omvisning i den troens katedral hvor de fleste europeere hadde et åndelig hjem helt til for et par generasjoner siden». Han er bekymra for vår nye status som moderne heidningar eller lunkne kristne, først og fremst fordi vi er i ferd med å bli uvitande om våre eigne røter i den europeiske kulturen.

Boka er lagt opp som ein tenkt dialog mellom Peter, den evige paven gjennom 2000 år, og den moderne heidning. Som kjent er paven i Roma den direkte etterfølgjaren til apostelen Peter, som blei henretta under keisar Nero og som etter tradisjonen ligg gravlagd under Peterskyrkja. Heidning spør og heidning argumenterer, Peter svarer og forklarer. Han er innom utruleg mange tema på 240 små sider – korleis kristendommen oppstod, korleis religion generelt oppstår, kva kjærleik er, kva fornuft er, tilhøvet mellom tru og fornuft, korleis det er mogeleg å vite noko om Gud, korleis ein bør tenke om sex, synd, Bibelen som Guds ord, skaping, treeining, korset, kristendommens framtid – og om kvifor ein veit at evangelisten Lukas var lege. Pollestad skriv enkelt og godt utan å bli overflatisk. Han er god til å forklare og lukkast i å aktualisere stoffet også for den moderne heidning. Her møter ein kristen apologetikk som ikkje er i forsvarsposisjon, men som heller ikkje pyntar på standpunkt for å bli politisk korrekt. Det mest tiltalande er korleis forfattaren maktar å skifte fokus frå den tabloide førestillinga om kristendommen som fordømming og fortaping til insistering på det som er kjerna: Guds kjærleik i Jesus Kristus.

Sjølv om dette er ein dialog mellom paven og heidningen, er det sjølv sagt Pollestad som talar gjennom dei begge. Som trufast katolikk er Pollestad også ein skarp kritikar av det moderne prosjektet og det moderne samfunnet. Mykje ved kulturen vår er galt. Vi har blitt einøygde, sjølvoppatta, nyttingssjuke. Vår tids avvisning av det religiøse er ein slags galskap. Og galskapen ligg ikkje i at menneska har mista forstanden. Tvert om er det moderne menneskets skjebne at det har mista alt *unntatt* forstanden. Det moderne mennesket er sjukeleg logisk. Det moderne mennesket ser berre ei side av alt, i motsetnad til den truande, som ser at alt kan ha to sider og dobbelt botn.

Pollestad har levert eit engasjerande svar for den katolske trua. Han har mange gode poeng – utan at eg som leser får lyst til å konvertere av den grunn. Eg trivst i min posisjon som lunken kristen, og går ikkje eingong med på påstanden om at vi er blitt så avkristna. Eg trur at også det spørsmålet er langt meir komplisert enn Pollestad vil ha det til.


John Nessa
Hjelmeland legekontor
Hjelmeland

Lys i sorgen

Berglund UB.

Utan mørker inget ljus

Om sorg og försoning. 271 s.
Stockholm: Forum, 2006. Pris SEK 244
ISBN 978-91-37-12853-5



Dette er en utgivelse som retter seg mot «folk flest», men særleg mot mennesker som på ulikt vis er berørt av sorg. Forfatteren er for tiden prest ved Storkyrkan i Stockholm og skriver ut fra sine erfaringer fra 30 års prestetje-

neste. Formen er muntlig og fortellende, det hentes inn dikt og illustrerende beretninger, og forfatteren er tydelig nærværende i teksten. Hun er også det første som møter leseren – det er et stort fotografi av henne på omslaget, og i baksideteksten heter det at «i sin bok om sorg og försoning leder oss prästen UllaBritt Berglund vid handen i det akuta sorgarbetet, genom sorgens olika faser....». Ønsket er dermed å være en slags personlig sjælesørgerisk medvandrer og gi livstolkning og råd langs sorgens mange stier i lys av kristne fortellinger og symboler og litteratur og kunst for øvrig.